

Vedtekter for skuletur – skulane i vik kommune



Føreord:

Ein klassetur er ein tur for alle elevane i klassen. Turen vert organisert av foreldra/føresette i samarbeid med klassen sine kontaktlærarar.

Gratisprinsippet:

Det rettslege grunnlaget for gratisprinsippet er lovfesta i opplæringslova § 2-15:

«Elevane har rett til gratis offentleg grunnskuleopplæring. Kommunen kan ikkje krevje at elevane eller foreldra dekkjer utgifter i samband med grunnskuleopplæringa, til dømes utgifter til undervisningsmateriell, transport i skoletida, leirskuleopphald, ekskursjonar eller andre turar som er ein del av grunnskuleopplæringa.»

Utdanningsdirektoratet (UDIR) har eit eige punkt om turar (brev av 27.02.06). Direktoratet peikar her på ein del punkt som skal takast med i vurderinga av om turen kan vurderast som å vera i regi av skulen og grunnskuleopplæringa eller ikkje. Direktoratet legg då og til grunn følgjande punkt:

«

- skoleeier (kommunen) er ansvarlig dersom det oppstår uhell på turen
- det er utarbeidet reglement for turen
- det er utarbeidet sanksjoner for eksempel for hjemsendelse
- turen fremgår av skolens virksomhetsplan/ årsplan
- det er organisert opplæringstilbud til eventuelt andre elever som ikke er med på turen»

Med bakgrunn i dette vert skuleturane for elevane ved skulane i Vik kommune vurdert som ein del av grunnskuleopplæringa. Difor skal :

- skuleturen vedtakast på siste foreldremøte i 8.klasse/fyrste foreldremøte i 9.klasse for Flatbygdi skule. Feios skule har ein treårssyklus.
- Turen skal gjennomførast på hausten og skal vera ein tur der heile klassen reiser samla.
- Lærarane som er på tur saman med elevane skal ha godtgjersle etter gjeldande reglar.



- Det skal vera med 4 vaksne (foreldre/føresette og lærarar) per elevgruppe (30 stk). Ved fleire enn 30 elevar skal det samla vera med 5 vaksne.

Gjeldande retningsliner:

- Turen skal ha eit fagleg innhald. Relatert til følgjande fag og reisealternativ:
 - «dei kvite bussane» Polen.
 - Noreg.
- Det skal peikast ut ein ansvarleg vaksen for opplegget.
- Opplegg og program for turen skal vera kjend ved avgjerd om tur.
- Skulen sine ordensreglar er også gjeldande under skuleturen.
- Det **skal** hentast inn **skriftleg godkjenning** frå foreldre/føresette.
- Det skal lagast budsjett for turen. Her skal ein syna eit oppsett over kostnader per elev, og dei andre kostnadene på turen. Syner her til reglane om «gratisprinsippet». Samla kostnader skal ikkje overstiga kr 6000,- per reisande.
- Det er ein føresetnad at alle elevane vert med på skuleturen, med mindre særlege omsyn seier at ein ikkje har høve til å vera med.
- Turen er avgrensa til å gjelda 3 overnattingar, og skal gjennomførast i vekedagar.
- Turen skal gjennomførast på hausten. For Flatbygdi vil dette vera i 10.klasse, for Feios vil skuleturen bli arrangert kvart tredje år for heile ungdomstrinnet.
- Kommunen sin elevforsikring gjeld og for skuleturar. Kvar og ein av deltakande elevar må sjølv syta for reiseforsikring.
- Det skal leverast rapport og rekneskap frå skuleturen. Dette skal leverast til rektor. Prosjektansvarleg for turen har ansvaret for dette.
- Vik kommune har to ungdomsskular. Dette gjer at ein kan gjennomføra skuletur på fleire ulike måtar:
 - Felles tur for begge skulane. Lærarar og føresette frå begge skulane er med.
 - 10.klasse på Flatbygdi reiser som ei gruppe og ungdomssteget frå Feios reiser som ei gruppe. Feios vil då gjennomføra skuleturen annakvart/tredjekvart år.
 - Det vert organisert anna opplæringstilbod til den/dei som av ulike årsaker ikkje er med på turen

Utlendingspass:

«Hvis du har oppholdstillatelse i Norge og det ikke er mulig for deg å skaffe pass fra hjemlandet ditt, kan du søke om et reisebevis for flyktninger eller et utlendingspass. Dette kan du bruke i stedet for et pass fra hjemlandet ditt».



- Gjeld når ein har opphaldsløyve i Noreg
- Dersom det ikkje er mogleg å skaffa pass frå heimlandet i tide før ein skal reisa
- Vedkomande treng eit reisedokument for denne eine turen, t.d. ein skuletur (www.udi.no).

